

Overrumppla av pristildeling

– Eg skriv ikkje bøker og trakterer ikkje instrument, så eg vart svært gledeleg overraska over å få kulturprisen, seier Jarle Dale.

KYSTMUSEET: Øygardenen vart tildelt kulturprisen under ein fest som vart arrangert tysdag kveld for å heidra dei som driv frivillig innsats i kommunen.

– Eg fekk ein epost om frivilligfesten, men visste ikkje om eg hadde høve til å gå. Då eg fekk oppmoding om å delta og såg at utdeling av kulturprisen sto på programmet, byrja eg å lure. Men eg tenkte jo ikkje at eg var heilt i den klassen, seier Jarle Dale.

Leiaren i utvalet for levekår, Remi Oen (Frp), sto for tildelinga av prisen under frivilligfesten på Kystmuseet.

Heiderspris

– Hå oss i Øygarden er kulturprisen like mykje ein heiderspris. Han kan gå til nokon som gjer ein skilnad, enten det er innanfor kultur, idrett eller anna frivillig arbeid. Tidlegare har til dømes folk frå korpsrørsla og MOT i Øygarden fått prisen, seier Oen.

Då namnet Jarle Dale kom på bordet i utvalet, var entusiasmen stor, fortel Oen. Han meiner Dale er ein som bidreg til at andre folk skal ha det bra, langt ut over det ein kan forventa.

– Jarle Dale er tilsett i Øygarden kommune og er ein av dei som tek arbeidet med seg når han går heim. Han har jobba med vanskelegstilte menneske og gjer ein innsats for folk også på kveldstid, rosar Oen.

Dale har vore vaktmeister ved Tednebakkane omsorgssenter, og med utgangspunkt i jobben har han vore del av ein komité som skipar til eldretreff i Øygarden. Medlemmene her har gjort ei lang og tru teneste, ei nemning som også høver godt for Dale sitt arbeid i kommunen.

– Eg har også vore vaktmeister



Jarle Dale (t.v.) vart tysdag tildelt kulturprisen frå Øygarden kommune. Utvalsléiar Remi Oen sto for tildelinga under ein frivilligfest på Kystmuseet.

Foto: Ottar Vik

i heimetenesta og slik vore rundt med hjelpemidlar til eldre, sjuke og vanskelegstilte. Når eg har blitt kjent med dei, har eg også fått høve til å hjelpa dei på fritida. Eg kjenner meg ikkje heilt att i dette med eldsjel, eg står på fordi eg kjenner desse menneska, seier Dale.

Han er også ein velkjend mann i kyrkje- og bedehussamanheng,

der han er tilknytt kyrkjelyden i Blomvågen. Ifølgje Remi Oen nyt også eit samla bedehusmiljø i Øygarden godt av innsatsen til Dale.

– Eg driv litt barnelagsarbeid i regi av misjonssambandet. Du kan samanlikna det med arbeidet ved ein søndagsskule. Me har andakt, lagar ein del ting og held basar ein gong i året, fortel Dale.

I tillegg til arbeidet for barn og eldre har Jarle Dale engasjert seg for flyktningar som kjem til Øygarden. Han er oppteken av at dei skal få høve til å gjera ein innsats i samfunnet.

– Eg er med i noko me kallar ein småjobbsentral, der me finn førefallande arbeid som flyktningar kan ta del i. Eg likar å få folk med meg og stå på. Kultur-

prisen gjev inspirasjon til å halda fram med det også etter at eg går av med pensjon om eitt år, seier Jarle Dale.

KARSTEIN SÆVERÅS
karstein@vestnytt.no

90769391

Ausekarane vart diska frå spellemannsprisen

MUSIKK: Bandet stilte med gamle låtar, men redda seg i land.

Ausekarane var nominert til spellemannsprisen i kategorien «danseband». Men så vart det oppdaga at plata dei var nominert for, «Ein hau med hits», ikkje er så fersk.

Meir enn halvparten av låtane på plata er gamle innspelningar. Spellemannsprisen 2017 blir delt ut på bakgrunn av merittar i 2016. Difor vart Ausekarane diskvalifisert, ifølgje NRK.

Diskvalifiseringa varte derimot ikkje lenge. Bandet vart nemleg rett etter nominert på ny, denne gongen for noko så nymotens som ei speleliste.

Laurdag 28. januar kan Ause-



Ausekarane, no også med elektronisk speleliste, kan likevel få spellemannspris.

karane få spellemannspris, for spelelista «Ausekarane 2016». Dei andre i danseband-kategorien er Picazzo og Torgeir & Kjendisene.

Same kveld kjempar sundsokningen Henning Brandt-Hansen Severud om spellemannspris i elektronika-kategorien.

KYRRE STYVE
kyrre@vestnytt.no

95919514

Kjell Magnus Økland ny leiar for Kystsogevekene

Tysnesing og oselvar-entusiast Kjell Magnus Økland er tilsett som ny dagleg leiar for Kystsogevekene.

KYSTKULTUR: Kjell Magnus Økland starta i jobben som dagleg leiar for Kystsogevekene 9. januar.

– Eg er svært glad for at eg fekk denne jobben, seier Økland. Han har som mål å vidareutvikla Kystsogevekene og gjera dei enda meir kjent.

– Eg har jobba mykje med oselvar og kystkultur i løpet av livet og ser denne jobben som ei fortsetting av det arbeidet, seier han. I barndommen drog han ofte frå Tysnes i båt for å

besøka bestemor si på Forland i Sund kommune.

Årets program for Kystsogevekene er under planlegging, og Økland ønskjer her å aktualisera kystkulturen. Økland kom i oktober ut med ei stor bok om oselvaren.

Styreleiar Børge Haugetun frå Øygarden er nøgd med tilsettinga av Økland.

– Det var Kjell Magnus Økland som på oppdrag for Oselvarverkstaden skreiv nominasjonsframlegget som fekk bygging og bruk av Oselvaren inn på UNESCO si kulturarvliste for gode vernepraksisar i desember, påpeikar Haugetun.

Kystsogevekene finn stad

kvart år i august og september og er eit samarbeid mellom 22 kommunar i Hordaland, Gulen kommune og Hordaland fylkeskommune. Kystsogevekene er sett saman av dagar der folk møtest og deler opplevingar, som båtturar, aktivitetar, konsertar, føredrag, kulturvandringar, marknader og utstillingar.

Bak dei ulike arrangementa står lokale eldsjeler som er stolte av eigenart og tradisjonar.

KATRIN MAGNUSSEN
katrin.magnussen@vestnytt.no
98194393

MARIT KALGRAF
marit@vestnytt.no
99632062